



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2036 - 16/5709

Saksbehandlar:  
Eileen M Feste  
EMF@lindas.kommune.no

Dato:  
01.03.2016

## Innkalling til møte i Ungdomsrådet 03.03.16

**Møtedato:** torsdag 03.03.2016  
**Møtestad:** Rådhuset i Knarvik, formannskapssalen (3. etasje)  
**Møtetid:** 10.00 – 12.00

Eventuelle forfall må meldast til Eileen M. Feste per tlf. 95765392 eller per epost til [eileen.feste@lindas.kommune.no](mailto:eileen.feste@lindas.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

#### Saknr Tittel

- 02/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 03/16 Ungdommens fylkesting
- 04/16 Samarbeid med andre ungdomsråd
- 05/16 Ungdommens kulturmønstring
- 06/16 Ungdomsklubbar

Med helsing

Anette Andersen Sæbø  
leiar



**Sak 02/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Forslag til vedtak:** Innkalling og saksliste godkjennes

**Sak 03/16 Ungdommens fylkesting**

Anette, Marius og Sara deltok på Ungdommens fylkesting på Quality Hotel Edvard Grieg 12.-14 februar.

Anette orienterer

**Forslag til vedtak:**

**Sak 04/16 Samarbeid med andre ungdomsråd**

Anette orienterer

**Forslag til vedtak:** Det vert teke initiativ til ei felles møte med ungdomsråd i Nordhordland, hausten 2016.

**Sak 05/16 Ungdommens kulturmonstring 2016**

Ungdommens kulturmonstring i Nordhordland er eit samarbeidsprosjekt mellom Lindås, Meland, Radøy, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

27. februar vart UKM arrangert på Frekhaug. Ca 100 ungdommar deltok. Unge arrangørar, deriblant Sara J. Rasmussen frå ungdområdet i Lindås, hadde i oppgåve å vere konferansier og back-stage oppgåvar.

Dei som skal representere Lindås i fylkesmonstringa på USF Verftet i Bergen 15.-17. april er;

- Stine Raa – konferansier
- Miriam Vesteraas – musikk «Little me»
- Sofie Haugland – musikk «Turning tables»

Framtidige utfordringar i Lindås er å få fleire unge til å delta på UKM. I tillegg må det jobbes med større bredde, som t.d. film, revy/teater, kunst- og kunsthåndverk. I dag er det i hovudsak musikk som er representert.

**Forslag til vedtak:** Ungdområdet tek saka til orientering

## 06/16 Ungdomsklubbar

Lindås kommune driv i dag ungdomsklubb på følgjande stadar;

Namn	Opning	Aldersgruppe	Stad
Kraft'n ungdomsklubb	Fredag	13-18 år	Alversund
Kraft'n juniorklubb	Tysdag	10-13 år	Alversund
Klubb Entry	Tysdag	13-18 år	Ostereidet/Eknesvågen

Klubbene følgjer skuleåret og har stengt i skuleferien.

Lindås kommune planlegg å bygge ny skule i Alversund. Det jobbes også med planar om ny fleirbrukshall i tilknytning til skulen. Lindås kommune inviterer ungdomsrådet til å kome med sine tankar om kva for ungdomstilbod dei ønskjer. Ungdomsrådet består av ungdom frå heile Lindås kommune. Det kan vere ulike ønske/behov på dei ulike stadane.

I Austrheim har dei bygget eit ungdommens hus i tilknytting til Austrheimhallen. Den gir rom for øvingslokale, mediarom fleire hobbyrom og eit felles «storstue» i tilknytting til kjøkken.

Det er mogleg å få til ei studietur til Austrheim for å se på korleis dei har løst oppgåva.

**Forslag til vedtak;** Ungdomsrådet ønskjer å gjennomføre studietur til Austrheim for å sjå nærare på Ungdommens hus. Ungdomsrådet vil deretter kome med sine synspunkt på kva for behov og ønskjer ein har for framtidig ungdomsarbeid.